



Sven Ove Mellingen
Slettevegen 772 B
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6952 - 20/14434

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
13.03.2020

Registrert feil og manglar i septiktank - gbnr 498/31 Mellingen

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 498/31
Tiltakshavar: Sven Ove Mellingen

Alver kommune har den 10.03.2020 motteke melding frå NORVA2 AS om at det ved siste tømning den 03.03.2020 vart registrert lågt nivå, lekkasje og framandelement i septiktanken på eigedommen din. Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Lågt nivå i tanken tyder på at det er lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Framandelement i tanken kan og føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje vert tømt regelmessig, kan slam og avfallstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Tilstandane må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 05.06.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegga deg å utbetra forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøva, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen m.m. er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Sven Ove Mellingen

Slettevegen 772 5939
B

SLETTA